

Sentralbord
56 53 03 00
 Tipstelefon
47 47 18 83
 Telefaks annonser
56 53 03 08
 Telefaks redaksjon
56 53 03 30
 E-post:
 redaksjon@avisa-hordaland.no
 marknad@avisa-hordaland.no
 abonnement@avisa-hordaland.no
 www.avisa-hordaland.no

VÊRET




I dag I morgon
 Opp kl. 08.46 08.48
 Ned kl. 17.58 17.55



I dag I morgon
 Opp kl. 18.48 19.49
 Ned kl. 13.30 14.24

I dag

Overskyt men mest opphald.



Onsdag

+6

Torsdag

+4

Fredag

+4

Laurdag

+7

Voss idag ikveld

+1 +3/-4

SMHI

© SMHI Grafik/Bulls

Flo

Data fra Statens kartverk Sjø. Tnr 617

I dag

kl 01:13

kl 13:32

Onsdag

kl 01:54

kl 14:12

Fjøre

kl 07:04

kl 19:30

kl 07:39

kl 20:09



KROKEIDESEENTERET: Arve Jordalen er no lærar ved Norheimsund vidaregåande skule. Seinast i 2008 var han sjølv elev på vidaregåande skule. Her er han utanfor Krokeidesenteret, der han gjekk vidaregåande. FOTO: OLE VALAKER

Tilbake på skulen som 40-åring

Å skifta yrke når ein nærmar seg 40 år, er ikkje berre enkelt. Men sjølv med utmattingsyndrom, nekta Arve Jordalen å gje opp.

I staden gjorde han ny karriere på rekordtid.

Vart heilt utslått

Då militærtjenesta var over i 1987, bestemte Arve Jordalen seg for å ta utanning og få seg ein jobb. Han gjekk tre år på yrkesskule på tømrarlinja, og to år på teknisk fagskule, alle fem åra ved Norheimsund vidaregåande skule. Han heiv seg deretter ut i arbeidslivet; og jobba som forskalingssnikkar og reiste rundt i landet i ti år for EEG Henriksen. Etter det byrja han som arbeidsformann hjå GBS Entreprenør i Øystese.

– Der jobba eg mest truleg for mykje, og etter kort tids sjukdom vart eg heilt utslått.

I dag er han tilbake ved same skulen der han tok utdanninga si ein gong i tida – ikkje som elev, men som lærar.

– Dei fem åra eg gjekk på tømrarlinja og teknisk fagskule er faktisk på same skulen der eg jobbar i dag.



GOD STEMNING: Det er god stemning når dei to gamle skulekameratane Arve Jordalen og Nils Bjarne Landro møtest igjen. FOTO: OLE VALAKER

Men no jobbar eg som lærar.

Såg ljuset på Bystasjonen

Jordalen jobba mange år i byggjebansjen. Etter kvart viste det seg at han var utbrent og fekk stilt diagnosen ME, kronisk utmattingsyndrom. I staden for å gje opp, bestemte Jordalen seg for å koma seg i arbeid att på den harde måten.

– Eg vart verande heime i eit par år etter diagnosen. Men etter kvart

fann eg ut at det var på tide å prøva å koma seg i arbeid igjen. Legen råda meg til å finna meg eit anna yrke enn eg hadde.

Jordalen hadde då to val. Han kunne halda fram i jobben sin, eller finna noko nytt som kroppen hans kunne klara vidare i livet. Han såg ljuset ein tilfeldig dag på Bystasjonen i Bergen.

– Tilfeldigvis møtte eg på nokre karar inne på Bystasjonen. Dei in-

formerte folk om Krokeidesenteret, som er ein skule for dei som vil få seg ei ny utdanning og koma seg attende til arbeidslivet.

Krokeide vidaregåande skule er ein skule for vaksne som vil ha ein ny sjanse i livet og vil skifta jobb.

Ville han klara det?

Før Jordalen bestemte seg for å setja seg på skulebenken igjen, tenkte han mykje på om han hadde krefter til å gjera noko slikt.

– Å setja seg på skulebenken att var noko eg forstod eg måtte gjera om eg ville prøva noko nytt. Med ME var det fysiske noko som låg bak og lurte då eg vurderte å ta til på skule 35 timar i veka, seier han.

Jordalen hadde ikkje mykje overskot igjen då han vart diagnostisert med ME, men gav ikkje opp.

– Ville eg klara dette, eg som for nokre månader tilbake ikkje klarte å gjera stort meir i løpet av ein dag enn å gå og henta posten og henta minstejenta i barnehagen?

Når desse to gjeremåla var gjort, var Jordalen tappa for energi, og måtte leggja seg nedpå, fortel han.

Skule og trening

Men Jordalen tok sjansen, og starta på vidaregåande skule for å ta ny

utdanning.

– Å skifta yrke når ein nærmar seg 40 år er ikkje alltid like enkelt. Men då eg først hadde bestemt meg, var det ikkje snakk om å gje seg undervegs. Dei tre åra eg var der, såg eg mange som gav opp og slutta. Det var tungt i periodar, men det kom alltid ein opptur som gjorde at det vart lengre til neste nedtur.

Rettskald og regelmessig trening var det som gjorde at Jordalen kom seg gjennom dei tre skuleåra på Krokeide vidaregåande.

– Gradvis kom helsa seg, og eg vart i svært bra form. Og det er eg den dag i dag. Eg trenar og er aktiv. Ja, eg spring til fjells opp til fleire gonger i veka.

Jordalen underviser i faga elektronikk og matematikk ved Norheimsund Vidaregåande skule, og trivst særst godt med det.

– Skulegangen gjekk stort sett bra, synest eg. Etter første året var eg veldig klar for vidare skulegang og gjekk på med friskt mot på andre og tredje året. Eg har ikkje angra eit sekund på at eg satsa og reiste til Krokeide for ei ny framtid.

DANIEL M. KVARME | tekst
 dmk@avisa-h.no